



Kyrkjeblad

FOR ASKVOLL

Nr. 2 Haust 2025 | 103. ÅRG.





Andakt



No har eg akkurat komme heim frå to vekers ferie i Georgia. For oss er det naturleg å feriere i Georgia sidan mannen min er frå Georgia. Då vert ungane betre kjent med den sida av familien, kulturen og språket. Mannen min er frå hovudstaden Tbilisi, men der er det veldig heitt om sommaren, og ikkje så mange bademoglegheiter. Difor tilbrakte vi òi av vekene i byen Batumi, som ligg attmed Svartehavet, heilt vest i Georgia. Batumi må seiast å vere ein kulturell smeltedigel. Utifrå det eg har lest om turisme til byen+synsing på språk og klesstil, var det folk frå Kina, Saudi-Arabia, Tyrkia, Armenia, Aserbajdsjan, Russland og ein og anna frå Europa. Så når ungane leika på leikeplassane, leika dei med ungar frå ulike land. Så kom eg til å tenke på kor anspent verda er for tida, og at den har vore det over fleire år. Det er jammen lett å miste motet når ein les nyheitene. Med dei tankane som bakteppe vart eg ved eit høve rørt over å sjå på ungane som leika med kvarandre. Dei hang seg ikkje opp i kva land den andre var ifrå, eller at dei ikkje kunne same språk. «ta-meg» leiken fungerer likt i alle land, og ein dinosaur seier «uæææææ» uansett kva språk du snakkar.

Jesus visste kva han snakka om då han sa at: «Lat småborna koma til meg, og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det».

Vi vaksne har altså noko å lære av born. Det eg såg på leikeplassen i ferien, var ungar som prøvde å finne ut kva dei hadde til felles, i staden for å distansere seg frå kvarandre ved å peike på kva som skilte dei. Det er ei god øving for oss menneske òg. Ikkje berre for å bygge gode relasjonar mellom kvarandre, men òg i høve trua vår. Av og til tenkjer ein så mykje på kva ein tykkjer er vanskeleg med trua, at ein skaper ei avstand til den. Men av og til må ein akseptere at ein ikkje forstår alt, og likevel kan tvile i trua.

Med dette vil eg avslutte med siste verset av salmen «Du viste oss veien til livet». Den seier noko om dei utfordringane som finnes i verda i dag:

Å, spreng med din kjærlighets varme
De murer vi reiste i frykt,
Og hjelp oss å møte hverandre
i kjærlighet, åpent og trygt!

Ragnhild Stav



Velkommen tilbake, Ragnhild – no som prest!

Mange i Askvoll kjenner Ragnhild frå før – ho har tidlegare vore kyrkjelydspedagog her hos oss. No er ho tilbake i ny rolle, som prest under utdanning, og vi er glade for å ha ho med på laget igjen. Vi tok ein liten prat med Ragnhild for å høyre korleis det er å komme tilbake – og kva ho ser fram til i tida som kjem.

Korleis er det å komme tilbake til kyrkja i Askvoll?

Det er veldig kjekt å komme tilbake igjen. Det er mange hyggelege folk i Askvoll. Så eg ser fram til å samarbeide med folk i dei ulike kyrkjelydane, og til å verte kjent med nye folk.

Korleis håpar du å vere som prest?

Eg håpar å vere ein inkluderande prest, som klarer å sjå folk. Sidan eg har jobba som diakon i åtte år, vil nok det diakonale perspektivet vere med meg når eg no går inn i presterolla. Så håpar eg at eg klarer å imøtekomme folk i alle aldrar, både unge og gamle.

Kva meiner du er kyrkja si viktigaste rolle her i bygdene våre?

Eg meiner kyrkja si viktigaste rolle er å forkynne Guds ord på ein slik måte at det har gjenklang hos folk når dei går på gudsteneste. Vidare har kyrkja ei viktig rolle i å vere der for folk i dei ulike overgangsrutene, som: dåp, konfirmasjon, brullaup og gravferd. Så ynskjer eg at kyrkja skal vere ein trygg stad å komme til.

Kva er det finaste med å jobbe i kyrkja?

At ein jobbar for noko som er større enn ein sjølv. Når ein jobbar i kyrkja handlar det ikkje om profit, men om å formidle eit godt budskap for menneske. I tillegg vert det mange hyggelege menneskemøter når ein jobbar i kyrkja.

Kva likar du å gjere når du har fri?

Eg likar å halde på med politikk, og å lese meg opp på kva som skjer i verda. Elles prøver eg òg å finne på kjekke ting med familien, og å få møtt litt vener no og då.

Har du ein fun fact om deg sjølv?

Eg har lært meg å skrive og lese georgisk. Dei har eit heilt unikt alfabet, så det tok litt tid å få opp lesefarten.

Om du kunne invitert kven som helst til kyrkje-kaffi – kven ville du valt?

Kanskje den amerikanske politikaren Bernie Sanders. Han har mange gode refleksjonar og kan mykje. Eg trur vi hadde hatt mykje å snakke om.



Har du eit lite ord på vegen du vil dele med kyrkjelyden?

Eg vil berre dele med kyrkjelyden at eg ser veldig fram til å verte kjent med alle som kryssar min veg i mi prestegjerning. Så vil eg avslutte intervjuet med teksten til den irske salmen «må din veg komme deg i møte». Den har eg brukt å avslutte babysong med, når eg har hatt det på Sande.

Må din veg komme deg i møte,
Vinden alltid vere bak din rygg,
Solas lys leike på ditt kinn
regnet falle venleg på di jord.
Og må Guds gode hand
Verne om deg
til vi møtest igjen.

Vi ønskjer Ragnhild hjarteleg velkomen tilbake – og gler oss til alt vi skal få oppleve saman i tida som kjem!



Konfirmantane i Askvoll 2025



Holmedal kyrkje
Frå venstre:
Emina Grimelid Hegrenes,
Martine Holmelid Solheim,
Jenny Kristin Selvik og
Matias Skrede Rivedal.
Foto: Bodil Holmelid.



Kvammen kapell
Frå venstre: Emil Kvammen Sund, Lilly Hawkes, Edward Lund Hawkes og
prost Knut Magne Nesse.
Foto: Marita Kvammen



Værlandet kapell
Nora Etterlid Landøy og
sokneprest Tommy Erdal.
Foto: Nina Etterlid.



Vilnes kyrkje
Jakob Vilnes Saltskår, Tiril Herland Bakkebø, Alvina
Norstrand, Isak Størdal Lervåg og Johanna Bjørøy-Stuhaug
Foto: Kjersti Størdal.



Askvoll
Prost Knut Magne Nesse, Henrik Gillehammer Aralden (Eid), Ella Madeleine Mjåseth Kindblad, Luca Solheim
Kongshaug, Tobias Storøy Ask, Mille Rivedal Andersen, James Ninō Borres Dublin, Celina Flaten Vårdal.
Foto: Siv Storøy.

Kva skjer for born og unge i haust?

Denne hausten har born og unge mykje å gle seg til. Sjølv om vi ikkje har lukkast enno med å få fast tilsetjing i pedagogstillinga, skjer det mykje for borna, og Sabina har teke på seg hovudansvaret for mange tiltak i trusopplæringa.



Babysong og småbornssong – Der generasjonar møtest

Babysong og småbornssong

Våren 2025 har vi hatt 6 babysong-samlingar på Askvollheimen, og eigentleg den første samling var i desember 2024. Og etter Barnefestivalen i februar 2025, kor vi hadde første samlinga med småbornssong, fortsette vi med småbornssong vidare og hadde 3 samlingar i sumar.

Babysong er for dei aller minste borna, dei frå 0 til 1 år. Småbornssong er for born frå 1 til 3 år. Dette er eit fantastisk tilbod for borna og søskene deira, som kan vere både yngre eller eldre for å delta i song, dans og hyggestundar. Vi ser at born som er litt eldre enn 3 år koser seg masse på desse samlingane også. På siste småbornssongen på Askvollheimen det var 9 born + foreldre + bebuarar på Askvollheimen.

Det er eit veldig fint tiltak og tid for generasjonane til å møtast. Alle får program som dei kan vere med å synge til eller berre følge. Etter den musikalske biten har vi ein fin sosial stund med kaffi, kjeks og frukt. Mange familiar og venner får og møtest der eller blir kjent med kvarandre på desse samlingane.

Sabina Baylarbayova

Velkommen til babysong

Mandag	25. august
Mandag	8. september
Mandag	22. september
Onsdag	1. oktober
Onsdag	29. oktober
Onsdag	5. november
Onsdag	26. november
Mandag	1. desember

Alle samlingar på Askvollheimen kl. 10.00

Velkommen til småbornssong

Lørdag	23. august
Lørdag	13. september
Lørdag	4. oktober
Lørdag	1. november
Lørdag	6. desember

Alle samlingar på Askvollheimen kl. 10.00

Undringstime

Dei som er 4, 5 eller 6 år i år får invitasjon i posten til undringstime og gudsteneste med utdeling av 4- eller 6-årsbok, eller gripekors til 5-åringane.

Borna, saman med foreldre/føresette, vert inviterte til samling i kyrkja ein time før gudstenesta, der dei får møte Sabina og Ragnhild prest før gudstenesta og

førebu seg til denne. Saman skal vi tenne dåpslyset ved døypefonten, døype dokke og snakke om då borna vart døypte. Vi fyller vatn i døypefonten og borna kjenner på vatnet, teiknar vått kors i handa, og dei som vil kan døype dokka, og gje ho namn. Vi skal og synge songar frå 4- og 6- årsboka.

Velkommen til undringstime

Kvammen kapell	24.08.2025	kl. 10.00
Vilnes kyrkje	31.08.2025	kl. 10.00
Holmedal kyrkje	31.08.2025	kl. 14.00
Askvoll kyrkje	07.09.2025	kl. 10.00
Bulandet kapell	21.09.2025	kl. 09.30



Salmetreff i Askvoll kyrkje torsdag 25. september kl. 17.30-19.00

Her blir det ei samling i Askvoll kyrkje som vi fant navn på – salmetreff. Det blir treff for born i heile Askvoll sokn med følge. Vi møtast i kyrkja og skal synge mange fine barnesalmer med bevegelser, litt dans og masse godt humør. Det blir kyrkjekaffe med saft, kaffe, te, kaker osv.

Tidlegare lærte borna mange salmer på skulen, men no i desse dagar er det ikkje aktuelt lenge. Difor må vi prøve å samle born med familiar, foreldre, besteforeldre, store søsken og venner, kanskje naboer også. 😊

Det er veldig kjekt å lære fine salmar, som «Måne og sol», «Kven har skapt alle blomane», «Vær meg nær, Å Gud», «Ingen er så trygg på ferda», «Milde Jesus» og andre. Vi skal lære mange andre fine songar òg.

Kom og vær med og skap fin stemning i lag med oss. 😊

Sabina Baylarbayova



Prosjektkor

Frå hausten inviterer Sabina til prosjektkor for born frå 8-10 år.

Vi skal øve i Askvoll kyrkje fram mot jula, der vi skal være med på lysmessa og julekonserten i Askvoll kyrkje. Det er mange fine julesongar vi skal lære. Vi syng og øver i tre kvarter, så vert det pause med saft og kjeks. Vi får høyre forteljingar om jula, og vi fargelegger teikningar om dette.

Øvingar - prosjektkor

Onsdag 3. september
Onsdag 17. september
Onsdag 1. oktober
Onsdag 29. oktober
Onsdag 5. november
Onsdag 26. november

Alle øvingar i Askvoll kyrkje kl. 17.30-19.00



Vi avsluttar prosjektkoret med framføring i lysmessa og på julekonserten.

Engleverkstad

Før lysmessa i Bulandet, Askvoll og Kvammen vert 7-åringane inviterte til engleverkstad. Her tenner vi Kristuslyset i midten av lysgloben. Vi øver på songar som skal brukast i lysmessa og vi høyrer forteljinga

om julen. Borna får lage ein enkel engel som vi henger opp i kyrkja. Det vert ikkje engleverkstad i Holmedal og Vilnes, men borna herfrå får invitasjon til å vere med i Askvoll kyrkje.

Velkommen til engleverkstad

Bulandet kapell	30.11.2025	kl. 09.30
Askvoll kyrkje	30.11.2025	kl. 14.00
Kvammen kapell	07.12.2025	kl. 10.00



Julevandring

Barnehageborna i Askvoll og Holmedal vert med på julevandring i Askvoll eller Holmedal kyrkje. Borna skal kle seg i gjetardrakt eller saueskinn og vandre i kyrkja saman mengelen Gabriel frå

Betlehemsmarkene og fram til stallen der Jesus-barnet er født.

Vi sluttar med gang rundt juletréet og syng dei kjente og kjære julesongane.



Askvoll og Holmedal lørdagsklubb

Lørdagsklubben er for barn frå 4 år og oppover. Vi samlast i Askvoll kyrkje annakvar laurdag frå 11 til ca 12.

Vi synger, tenner lys og høyrer fortellingar vi frå Bibelen – både fortellingar frå gamle testamentet og fortellingar om Jesus. Vi brukar også å enten gjere noko som har med bibelfortellinga å gjere, leike noko eller lage noko. Vi malar, teiknar, klypper eller andre formingsaktivitetar. Før vi går att, ber vi «Vår Far i Himmelen» og syng velsigninga.

23. mai drar vi på pinsevandring til gapahuken i Askdalen. Vi møtast på parkeringsplassen ved inngangen til Askdalen og har rebusløype på veg inn. Vi grillar pølser etter at vi har sunge og høyrte ei biblefortelling. Etter det leikar vi til vi ikkje orkar meir og går heim att etterpå.

Har du lyst til å vere med? Kom – vi har plass til alle.

Vi møtast desse datoane

2025:

August	23.8
September	6.9 og 20.9
Oktober	4.10 og 18.10
November	1.11, 15.11 og 29.11
Desember	13.12

2026:

Januar	3.1, 17.1 og 31.1
Februar	14.2 og 28.2
Mars	21.3 og 28.3
April	11.4 og 25.4
Mai	9.5 og 23.5

HELsing TIL LITT AV SJELA MI, FRÅ MEG OG MINE...

Veldig kjekt å sjå igjen Askvoll. Fire veker som vikar og i den same gamle bustaden. God anledning til å mimre og tenkje attende på gode tider i Askvoll. Nokre av dei eg var nær er borte, men mange var det godt å møte att.

Å sjå attende har vore fint. Gode minner er gode å ha.

Like kjekt har det vore å sjå at Askvoll har utvikla seg. Sidan eg for i 97 er Værlanda og Bulanda bunde saman. Dalsfjordbrua er endeleg på plass. Sentrum har fått nye bygg og heile strandsonene stelt og fornya. Kjekt også å sjå at området nederst i prestegarden er stelt og opna for alle. Kyrkjebygga er velstelte, og ikkje minst er det gode lydanlegg.

Korleis det står til med folkesjela er vanskelegare å sjå. Er spent på korleis manglande fokus på trua sitt indre liv vil slå ut på oppveksande generasjonar. Kanskje kan vi oppleve ei fornying der kyrkja vert mindre oppteken av tradisjonar og meir oppteken av krafta i Jesu evangelium. Lukke til med framtida kjære kyrkjelydar.

Kjekt også at Inger Lise, Trine og June fekk sjå att staden der dei har tilbrakt viktige år. Godt å sjå gleder over kjente ansikt, og at dei kjende seg heime og trygge. Vi helsar og takkar!

Stein Ove Skadal



Er du glad i å synge?

Askvoll kyrkjeor er eit lite kor som øver kvar torsdag frå 18.30-20.30 på kyrkjekontoret i sentrum. Vi kjem frå nesten alle delar av kommunen; Rivedal, Holmedal, Atløy og Kvammen i tillegg til dei av oss som bur i sjølve Askvoll.

På sanglista vår står ulike songar, dei fleste er med norsk tekst, men vi har og brynt oss på svensk, engelsk og bittelitt latin. Dei som har lyst til å vere solist, slepper vi gjerne til. Songane våre handlar om tru, glede og håp. Gjennom året har vi haustkonsert og vårkonsert på Askvollheimen, vi deltek på nokre gudstenester i løpet av året og ein basar

eller to. Innimellom kjem det og spørsmål om song i andre samanhengar.

Ved pianoet sitter Sabina og sprudlar og foran koret står Sidsel Anita og får alle til å synge same songen i same tempo.

Latteren sitt laust, vi har det kjekt ilag – og i pausen har vi alltid te/kaffi og noko attåt.

Er dette noko for deg? Askvoll kyrkjeor har plass til fleire. Kom og prøv – du kjem truleg til å bli. Vi startar oppatt 21.8 kl 18.30 og gleder oss over at akkurat DU vert med denne hausten.



Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte
hjelpе dykk som pårørande,
med alt som høyrer
ei verdig gravferd til.

Blomstertorget A/S

Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord

Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569

www.blomstertorget.no

Fjordane
BEGRAVELSESBYRÅ

NÅR DU MISTER EIN DU ER GLAD I

Å ta kontakt med eit gravferdsbyrå for å få råd om vegen vidare kan vere ein god måte å starte prosessen. Vi ønskjer å stå til teneste med råd, rettleiing og praktisk hjelp i planlegging av gravferda. Vi kan kontaktast alle dagar, heile døgnet.

FLORØ	Døgnbemanna telefon: 57 74 31 36 Markegata 42, 6905 Florø E-post: post@fjordan.no	FØRDE	Døgnbemanna telefon: 57 82 70 30 Lindbøen 2, 6809 Førde E-post: post@fjordan.no
--------------	--	--------------	--

www.fjordan.no

Nytt liv til gammalt piano



Hovland og Sabina med det «nye» pianoet på plass i Holmedal kyrkje.

Soknerådet i Askvoll vedtok i juni ein samla plan for instrumenta i soknet. Planen gir oversikt over tilstand til instrumenta rundt om i kyrkjene våre. Planen gir oversikt over kva instrument som krev vedlikehald, kva instrument som skal avhendast og kva behov det er for nyanskaffingar.

Det gamle Schimmel-pianoet som har stått i Askvoll kyrkje frå 80-talet er velbrukt og var musespist innvendig, og det har vore vurdert til at dette kunne kasserast ettersom det nye flygelet kom på plass i 2022.

Pianoet vart gitt vekk, og det var pensjonert pianolærar og sjølvverklært «piano-nerd» Geir Åge Hovland frå Eikefjord som henta det. Han tykte dette var eit flott og godt instrument, og gjekk

straks i gong med full restaurering av det gamle pianoet.

Gammal museskit vart fjerna, filt vart utskifta, pianoet vart stemt og justert og overflatene vart olja opp igjen. Alt i alt framsto det gamle skule-pianoet no som eit flott instrument. Hovland var kjent med at soknerådet hadde planar om å skaffe eit nytt piano til Holmedal kyrkje (som skal erstatte det gamle el-pianoet som har stått der). Han lurte på om ikkje det nyrestaurerte Schimmel-pianoet frå Askvoll kunne vere noko for Holmedal kyrkje.

Sabina tenkte at dette var ein veldig god idé, og vi snakka med fleire lokale musikkrefter, og det gjekk ikkje mange dagane før Schimmel-pianoet var på plass i Holmedal kyrkje.

KONSERT: «DEN FYRSTE SONG...»

Vi feriar nytt piano i Holmedal kyrkje, og arrangerer konsert med vår eminente kantor **Sabina Baylarbayova** og songaren **Erlend Ona Gjøl**. Dei to presenterer songar som dei har nytta i kyrkja ved ulike høve - frå dåp, til konfirmasjon, ekteskap og gravferd.

Vi blir med på ei musikalsk reise gjennom livet, der dei to deler erfaringar og små historier om møter dei har hatt med foreldre, konfirmanter, ektefolk og pårørande.

Velkommen til ei nær og rørende stund i Holmedal kyrkje:

Torsdag 11. september kl. 18.00

Inntektene frå konserten går til restaureringa av Claus Jensen Orgelet i Holmedal kyrkje

Vil du vere med og gjere ein forskjell i kyrkja i Askvoll?

Vi treng DEG som frivillig!

Kyrkjelyden i Askvoll er ein levande og varm fellesskap – og no treng vi fleire hender og hjarte som vil vere med og bidra. Det finst mange måtar å vere frivillig på, og du treng ikkje ha erfaring – berre eit ønskje om å vere med!

Vi søker frivillige til:

- 🍰 Praktiske oppgåver ved arrangement – som servering, rigging og pynting
- 🎵 Barnekor og musikkaktivitetar – har du songglede eller spelar eit instrument?
- 📖 Tekstlesing i gudstenester – del Guds ord med andre
- 🙌 Vertskap og kyrkjevertar – ønsk folk velkomen med eit smil
- 🧸 Aktivitetar for born og unge – leik, hobby og fellesskap

Kvifor vere frivillig?

- Du får vere ein del av eit meningsfullt fellesskap
- Du får bruke dine gåver og evner til noko godt
- Du får gje – og du får mykje tilbake

Har du lyst å vere med – eller berre vite meir?

Ring oss på 918 74 724

Send e-post til post.askvoll@kyrkja.no

Snakk med oss i kyrkja eller kom innom kyrkjekontoret i opningstida – vi tek gjerne ein prat!



Velkommen til gudsteneste



ASKVOLL KYRKJE

Søndag 24. august kl. 15.00

Gudsteneste med innsetjing av Ragnhild Stav som prest
Offer til trusopplæringa

Søndag 7. september kl. 11.00

Gudsteneste
Utdeling av 4- og 6-årsbok
Konfirmanthandpresentasjon
Offer til kyrkjelydens misjonsprosjekt

Søndag 28. september kl. 18.00

Salmekveld med Sabina

Søndag 2. november kl. 11.00

Helgemesse, der vi minnst dei som har gått bort siste året

Søndag 30. november kl. 15.00

Lysmesse
Konfirmanthand deltek

Onsdag 3. desember kl. 18.00

Julekonsert



HOLMEDAL KYRKJE

Søndag 31. august kl. 15.00

Gudsteneste
Utdeling av 4- og 6-årsbok
Konfirmanthandpresentasjon
Offer til Yngres i Holmedal

Søndag 21. september kl. 15.00

Gudsteneste
Offer til Sjømannskyrkja – Norsk kyrkje i utlandet

Søndag 26. oktober kl. 15.00

Gudsteneste

Søndag 23. november kl. 11.00

Lysmesse
Konfirmanthand deltek



KVAMMEN KAPELL

Søndag 24. august kl. 11.00

Gudsteneste
Utdeling av 4- og 6-årsbok
Konfirmanthandpresentasjon
Offer til trusopplæringa

Søndag 5. oktober kl. 15.00

Gudsteneste

Søndag 16. november kl. 11.00

Gudsteneste

Søndag 7. desember kl. 11.00

Lysmesse
Konfirmanthand deltek



BULANDET KAPELL

Søndag 21. september kl. 10.15

Gudsteneste
Utdeling av 4- og 6-årsbok
Konfirmanthandpresentasjon
Offer til Bulandet kapell

Søndag 26. oktober kl. 10.15

Gudsteneste

Søndag 30. november kl. 10.15

Lysmesse



VILNES KYRKJE

Søndag 31. august kl. 11.00

Gudsteneste
Utdeling av 4- og 6-årsbok
Konfirmanthandpresentasjon
Offer til Kirkens Nødhjelp

Søndag 5. oktober kl. 11.00

Gudsteneste

Torsdag 30. oktober kl. 18.00

Salmekveld med Sabina

Søndag 23. november kl. 13.30

Lysmesse
Konfirmanthand deltek

Kyrkjelege handlingar

GRAVLAGDE

ASKVOLL

06.01.25	Dagrunn Johanne Ask	f. 1939
14.04.25	Håkon Arvid Rivedal	f. 1936
12.05.25	Birger Fossheim	f. 1941
26.05.25	Else Marie Ringstad	f. 1938
30.06.25	Dag Helle	f. 1968

HOLMEDAL

21.04.25	Geirfinn Helle	f. 1932
09.07.25	Magnhild Sagosen	f. 1924
25.07.25	Steinar Helle	f. 1936

VILNES

26.05.25	Rolf Ståle Sætre	f. 1947
23.07.25	Magnus Simon Rasmussen	f. 1991

STONGFJORDEN

13.05.25	Ester Liv Skår	f. 1939
11.07.25	Werna Aud Yndestad Vie	f. 1962

GJELSVIK

09.03.25	Erling Koksvik	f. 1946
----------	----------------	---------

DØYPTE

KVAMMEN

13.04.25	Ingvild Gjelsvik Karlsen Stella Matrella Leknes
----------	--

ASKVOLL

20.04.25	Johannes Rivedal Rønning Iben Follevåg Øyasæter
----------	--

HOLMEDAL

03.05.25	Synne Oddekalv Torp
----------	---------------------

VIGDE

HOLMEDAL

07.06.25	Elise Grytten og Sondre Tjugen
----------	--------------------------------

DET SKJER I HAUST!

I Askvoll i haust skal det vere forskjellige musikalske «samlingar». Det er bra å ha ein oversikt kor det står alt som går føre seg rundt i soknet. Dette veit vi per no, men det kan komme meir, sjølvstgt:

Salmekveld i Askvoll kyrkje søndag 28. september kl. 18.00

Konsert i Askvoll kyrkje – Atløykoret og Førde Seniorkor tysdag 30. september kl. 18.00

Vi syng jula inn i Bulandet kapell torsdag 27. november kl. 18.30

Julekonsert i Askvoll kyrkje onsdag 3. desember kl. 18.00

Julekonsert i Holmedal kyrkje lørdag 20. desember kl. 18.00



Returadresse: Askvoll kyrkjekontor, Boks 14, 6988 Askvoll



Dåp
– ein god start på livet

Vi får ikkje lenger informasjon om nyfødde barn. Difor får vi ikkje sendt ut dåpsinvitasjon til nybakte foreldre, slik vi gjorde før.

Ta kontakt om du ynskjer dåp!
Send epost til post.askvoll@kyrkja.no, eller ring mobilnr. 918 74 724


DEN NORSKE KYRKJA
Askvoll sokn



DEN NORSKE KYRKJA Askvoll



KYRKJEVEVJERJE

Rune Ziener

✉ rz459@kyrkja.no

☎ 479 63 319



KYRKJESEKRETÆR

Hildegunn Hellest

✉ sekretaer.askvoll@kyrkja.no

☎ 918 74 724




PREST

Ragnhild Stav

✉ rs532@kyrkja.no

☎ 909 67 627



KANTOR

Sabina Baylarbayova

✉ sb963@kyrkja.no

☎ 930 81 399

INNSETJINGSGUDSTENESTE – ASKVOLL KYRKJE 24. AUGUST KL. 15.00

RAGNHILD VERT INNSETT SOM PREST I
ASKVOLL I DENNE GUDSTENESTA.

PROST KNUT MAGNE NESSE OG SABINA
DELTEK FORUTAN RAGNHILD.
DET VERT MUSIKALSKE INNSLAG VED
ASKVOLL KYRKJEKOR OG SOLISTAR.

KYRKJELYDSUTVALA I ASKVOLL OG
HOLMEDAL ARRANGERER KYRKJEKAFFI
ETTER GUDSTENESTA.

v:pps

Betal gjerne kyrkjebladet med Vipps til

692979

Rettleiande kr 200,-

ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll

Askvollvegen 398, 6980 Askvoll

Telefon: 918 74 724 · E-post: post.askvoll@kyrkja.no

Heimeside:

Facebook: www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll.

Kyrkjebladredaksjonen:

Rune Ziener (ans. red.), Hildegunn Hellest

Leiar Askvoll sokneråd: Wenche Ness Gabrielsen, tlf. 906 07 728

Org.nr. 976 996 267 • Bankkonto: 3740.15.57696

